

Årsmelding og rekneskap 2003



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

www.lusterenergiverk.no

Generalforsamling

Generalforsamling for Luster Energiverk AS vert halden i Banksalen Gaupne måndag 10.05.04 kl. 16.00

SAKLISTE

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og 2 medleamar til å skrive under møteprotokoll
3. Årsmelding for 2003
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot
5. Godkjenning av honorar til revisor
6. Val av styre i samsvar med vedtektene
7. Val av valnemnd
8. Orienteringssaker

Sakstifang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksje-eigarane som ber om det, og vert elles lagt ut på daglegvare-butikkane i kommunen og på e.verket sitt kontor frå 03.05.04.

STYRET

Framsdebilde

Hurrungane i Jotunheimen Foto: Hallgeir Hatlevoll

STYRET

Styret hadde fylgjande samansetjing i 2003:

Stein Næss (styreleiar), Per Hauge (nestleiar), Herman Bremer, Jens K. Nes, Kristen Ormberg og Arvid Skjerven.

Varamenn i rekkefylgje har vore:

Steinar Molland, Jarle Sperle, Arne Kvalen og Anny Fossøy Norberg.

Arvid Skjerven og Anny Fossøy Norberg er valde av og mellom dei tilsette.

VALNEMND

Johan Solheim (leiar), Laila Gjerde og Magnar Høyum

STYRESAKER

Det har vore halde 11 styremøte og 43 saker har vore handsama.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

- Selskapet er tilslutta Sogn Bedriftshelseteneste.
- Sjukefråvær i 2003 var på 10,45%. Dette er ein auke på 7% frå året før.
- Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.
- Det har vore halde kurs i driftsforskrifter og fyrstehjelp for driftspersonalet, og for tilsette på installasjonsavdelinga.
- Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs.
- Det er utarbeidd Beredkapsplan for ulukker og unormale situasjonar i krig og fred.
- Det er eigen beredkapsplan for Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
- NVE har i år revidert beredkapsystemet vårt.
- Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

ØKONOMI

På slutten av året 2002 fekk kundane våre tilbod om fastpriskontrakt på 3 år. Prisen vart fastsett på grunnlag av gjennomsnitts innkjøpskostnader i 3 års perioden. Då kostnader skal fylgje rekneskapsåret, vil 2003 med høg innkjøpspris på straum, gje negativt resultat for kraftomsetninga. Ser vi heile 3-årsperioden under eitt, er resultatet for 2003 slik som dei siste åra.

Høg kraftpris gjer at kostnadane med nett-tap er kr. 433.000 høgare enn i 2002. Dette medfører større kostnader og dårlegare resultat for nettavdelinga.

Driftsresultatet for 2003 er kr. 203.555. Netto finansinntekter kr. 4.057.881. Resultat etter skatt er kr. 3.611.683.

Størst tilskot til drifta gav distribusjonsnettlet med kr. 2.316.000, som er ein reduksjon på kr. 828.000 frå 2002. Vidare gav kraftomsetning - kr. 2.327.000 (- kr. 3.407.000), Installasjon kr. 61.000 (- kr 58.000), Arbeid for andre kr. 415.000 (+ kr 261.000) og fiber -kr 262 000, det same som i 2002.

Økonomien i verksemda er god, med ein eigenkapitalprosent på 84,6. Likviditeten er stram i periodar, grunna deltaking med aksjekapital i Sage Kraftverk AS, lån til Sognekraft og kjøp av egne aksjar.

Forutsetningen om framleis drift er tilstades, og er lagt til grunn for utarbeidinga av rekneskapan.

Det etterfylgjande oppsett syner rekneskapan for distribusjonsnettlet.

REKNESKAP NETT 2003 (i 1000 kr.)

Salsinntekter	16.613
Attendeført mindreavk.	-735
Attendeført renter	-66
Andre driftsinntekter	56
Andre leigeinntekter	68
Mindreavkastning	1.434
Sum driftsinntekter	17.370
Nett-tap	1.485
Overføring	1.529
Lønnskostnader	5.250
Andre driftskostnader	4.225
Avskrivningar	2.565
Sum driftskostnader	15.054
Driftsresultat	2.316


NVE har for 2003 fastsett tariffinntekt til 15.773.000.

I tillegg kjem kostnaden til overordna nett, eigeomsskatt og attendeført mindreinntekt.

DRIFTSMIDLAR NETT

Eigne driftsmidlar	33.495
Andel av felles driftsmid.	538
Sum	34.033

ÅRSOVERSKOT ETTER SKATT



SALDO MEIR/MINDREINNTEKT

1993 Mindreavkastning	-291
1994 Meiravkastning	1.429
1995 Mindreavkastning	-84
Saldo 31.12.95	1.054
1996 Mindreavkastning	-68
1996 Attendeført	-380
Saldo 31.12.96	606
1997 Mindreinntekt	-481
Attendeført meirinntekt	-674
Saldo 31.12.97	-549
Attendeført mindreinntekt	52
1998 Mindreinntekt	-280
Korrigert for renter	17
Saldo 31.12.98	-760
1999 Attendeført	481
1999 Mindreinntekt	-760
Saldo 31.12.99	-1039
2000 Attendeført	280
2000 Mindreinntekt	-345
Saldo 31.12.00	-1104
2001 Attendeført	760
2001 Mindreinntekt	735
Saldo 31.12.2001	-1080
Endringar i levert energi	1292
Korrigert saldo 31.12.01	-2372
2002 Mindreinntekt	1037
Saldo 31.12.2002	-3409
2003 Korrigert	-345
2003 Attendeført	-735
2003 Mindreinntekt	1434
Saldo 31.12.2003	3.763
Attendeført i tariffar for 2004	
Mindreinntekt	300
Renter 2003	157
Totalt attendeført	457

EFFEKTIVITET I DISTRIBUTJONSNETTET

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For å sjå til at kraftransporten vert gjort så effektivt (billeg) som mogleg, er NVE sett til å føreta denne monopolkontrollen. NVE har også for perioden 2002 til 2006 vidareført vårt effektiviseringskrav på 3,5%. Ein så stor årleg reduksjon av inntektene kan bli vanskeleg å oppfylle utan at det går ut over servicegrad og leveringstryggleik. Nettleiga vil nødvendigvis bli dyrare i vestlandstereng enn på flate tettbygde strøk. Til tross

for den spreidde busetnaden og svært lange linjer er vi mellom dei aller rimelegaste nettselskapa i fylket.

I 2001 vart forskrifta om "Kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert energi (KILE)" gjort gjeldande. Målet til NVE er at den skal bidra til at kraft vert overført til rett pris og leveringskvalitet. Dessutan at nettet vert utnytta og utbygd på ein sikker og rasjonell måte.

Alle energiverka har fått tildelt ein sum "ramme" på grunnlag av feil i nettet dei siste 3 åra. For vår del er denne summen kr. 703.000 for 2003. Kompensasjonen for kvar ikkje-levert kWh er fastsett av NVE.

Overført frå 2001	kr 287 000
Tildelt ramme 2002	kr 482 000
Kompensasjon 2002	kr 541 000
Overført til 2003	kr 228 000
Tildelt ramme 2003	kr 703 000
Kompensasjon i 2003	kr 764 306

Overført til 2004	kr 164 694
--------------------------	-------------------

KONKURRANSE FRÅ ANDRE LEVERANDØRAR

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk er oppteken av å tilby kundane kraft til rett pris. Grunna dei høge kraftprisane for 2003, valde vi for fyrste gong å tilby fastprisar for fleire år.

SAMARBEID

Samarbeidet mellom energiverka er vorten ein naturleg del av arbeidsdagen. I takt med effektivitetskrava, som vert stilt til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for kostnadsreduksjonar. Samarbeidet mellom energiverka i Sogn (SEIS) har ført til gunstige avtalar på kabelkjøp, transformatorar, tovegskommunikasjon m.m. I tillegg har ein gjennom samarbeidet heva kompetansen på produktkunnskap og teknologi.

SAGE KRAFTVERK

Sage kraftverk vart skipa den 14.august 2000. Luster kommune og Luster Energiverk har 50% kvar av aksjekapitalen. Sage kraftverk har avtale med oss om drift av kraftverket.

PLANAR

På grunn av større krav til leveringstryggleik må det reinvestertast i nytt fjernstyringsssystem. Det nye systemet må handtere både nettsystemet og produksjonssystemet. Det skal byggjast ny 22kV linje mellom Luster og Skjolden. Vi er i gang med fyrste byggetrinn. Vi har over fleire år vore utsett for mange kortvarige utfall i månad -skifte juli/august. For å

redusere desse utfalla vert det monterte inn ein ny type vern i Leirdøla. Vi skal også montere innsamlingsystem for kundar med måleverdiar over 100 000kWh

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Luster Energiverk har i alle år satsa på god og framtidretta fornying av linjenettet. Dette har gjeve resultat i form av færre og kortare avbrot.

Som kraftleverandør får vi stadig nye krav, både med omsyn til pris og valmulegheiter. For å møte desse krava, samarbeider vi med andre portefylgjeformalarar for å kunne tilby eit fleksibelt system for kundane våre.

Luster Energiverk vil samarbeide med Luster kommune om utnyttning av konsesjonskrafta til beste for kundane/innbyggjarane.

Vi vil bidra aktivt for at potensialet i mini- og mikro kraftverk kan utnyttast på ein samfunnsøkonomisk måte.

Luster Energiverk vil samarbeide med dei lokale aktørane for at flest muleg skal få tilgang til nye produkt på breibandsida.

Vi vil fortsatt arbeide for ein god økonomi i selskapet som gjev rett pris til kundane og avkasting til eigarane.



Stølsnes Foto: Hallgeir Hatlevoll

For at vi skal vere ein del av lokalsamfunnet i framtida vil vi framleis arbeide for:

- Effektivisering i eigen organisasjon
- Nytte nye teknologiske løysingar for meir effektiv drift.
- Vurdere alle former for samarbeid som fører til at vi vert meir konkurransedyktige.
- Ha ein organisasjonskultur og arbeidstilhøve som gjer at vi kan halde på dei tilsette.

DISPONERING AV OVERSKOT

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2003 på kr 3 611 683,- vert fordelt slik:

Utbytte kr 260,- per aksje	kr 2 034 760,-
Tilføring disposisjonsfond	kr 1 576 923,-
	<hr/>
	kr 3 611 683,-

Styret for Luster Energiverk AS, 05. mars 2004

Stein Næss

Stein Næss
(Styreleiar)

Per Haugel

Per Haugel

Herman Bremer

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Kristen Ormberg

Jens K Nes

Jens K Nes

Arvid Skjerven

Arvid Skjerven

Svein Halveg

Svein Halveg
(everksjef)

2003 har vore eit nytt aktivt år. Kraftprisen har vore eit omdiskutert tema. Det norske vasskraftsystemet er svært avhengig av nedbøren, men også svært fleksibelt opp mot andre produksjonssystem. Våren og den manglande nedbøren førte til gjennomgang av alle straumrasjoneringsplanar. NVE gjekk gjennom våre beredskapsplanar i 2003. Den manglande nedbøren førte til kraftprisar som var svært høge i vår - og sommarperioden. Gjennomsnittleg spotpris auka også i år, frå 20,1 øre/kWh i 2002 til 29,1 øre/kWh i 2003. Enkelte kraftprodusentar hadde svært god inntening. Dette har i nokre tilfelle ført til negativ medieomtale og skyhøge bonus-utbetalingar. Dette skadar omdømmet til oss distributørar som ynskjer ei samfunnsansvarleg forretningsdrift.

Forsyningsnettet vårt er av svært god kvalitet. Likevel har vi hatt fleire langvarige avbrot som har belasta KILE råma vår. Eit langt linjenett, som er naudsynt i Luster, vil alltid vere utsett for tilfeldige avbrot. Vi prøver å minimere skadane gjennom nye og effektive styringssystem. Frå forsyningane våre i Leirdøla og Årøy har vi også vore plaga av kortvarige jordfeil som har ført til utkoplingar i månad -skiftet juli/august. I 2004 vil vi prøve å montere nye vern i Leirdøla, for å sjå om deler av dette problemet kan fjernast.

Gjennom Kjøpekraft Vest har vi inngått avtale med Policom om utbygging av tovegskommunikasjon for kundar med forbruk større enn 100 000 kWh. Systemet er under montering, og dei største kundane vil vere tilknytt ny avlesing i løpet av 2004.

Sage kraftverk har vorte drifta av oss. Det er reklamert på fleire av komponentane i kraftverket. I løpet av året har vi klart å oppnå tilfredsstillande løysingar på dei aller fleste manglane. Den manglande nedbøren har ført til langt mindre produksjon enn forventa, men samtidig var kraftprisen så høg at dei totale inntektene våre vart betre enn budsjettet. Gjennom Sage Kraftverk har vi også teikna avtale med grunneigarane til Kvåle kraftverk. I fyrste omgang vil vi gjennomføre konsesjonshandsaminga, samtidig som ein innhentar dei naudsynte tilboda. Dersom utbygginga viser seg økonomisk interessant, vil vi kunne gjennomføre ei bygging i løpet av kort tid. Saman med Luster Sparebank og Luster kommune har vi inngått samarbeid om å få fram potensialet som finst i mindre kraftverk i kommunen. Dette førte blant anna til at vi engasjerte Torbjørn Tuften i ei prosjektstilling over to år. Gjennom Sage Kraftverk ynskjer vi også å kunne delta som eigarar eller støttespelarar i nokre av kraftverka.

Breibandsutbygginga vår blir stadig meir interessant. Ein ser samarbeidsgevinstar med dei andre energiverka på ulike tekniske løysingar. Kommunen har betra intertrafikken, og Datapart har bygt løysingar både for private og næringslivet. Gjennom eit nytt prosjekt saman med Statkraft, Luster kommune, Statnett og Telenor vurderer vi no løysingar for Jostedalen.

Eigarstrukturen i Sognekraft AS har vore uendra. Luster Energiverk AS er no tredje største eigaren, etter BKK og Vik kommune.

ORGANISERING OG DRIFT I 2003

1. Organisasjon, administrasjon, personale

1.1 Selskapsform

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915.

I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag.

Aksjekapitalen er på kr 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjar pålydande kr 2.500.

1.2 Medlemskap i andre organisasjonar

Luster Energiverk AS er medlem i:

- LVK / IDE
- Norges Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fj. Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fjordane Energilag
 - Kommunenes Sentralforbund
 - Sogn BHT

1.3 Revisjon

Revisjonen er utført av Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

Til venstre: Arbeid ved Ungdomshus i Gaupne

Foto: Hans A. Skagen

Under: Signalmåling på Turtagrø

Foto: Anders Molland



1.4 Administrasjon

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av ANS Luster Kraftlag.

1.5 Personale

Pr. 31.12.2003 hadde selskapet 24 heiltidstilsette, av desse utgjorde kvinner 1,8 årsverk. I tillegg hadde selskapet 3 lærlingar på kontrakt.

2. Eigedomar og vedlikehald av desse

2.1 Døsen Kraftverk

Bygd i 1915, ikkje i drift. Kraftverket kan nyttast i samband med omvisning o.l.

2.2 Transformatorstasjonar

Døsen bygd i 1939, modernisert i 1986. Transformator 1450 kVA, spenning 21/5 kV. 2 utgåande 22 kV kablar. 1 utgåande 5kV linje.

2.3 Fordelingsnett

2.3.1 Høgspent fordelingsnett

22 kV: linjer 206,14 km, jordkablar 32,569 km
5 kV: linjer 1,20 km, jordkablar 0,500 km

2.3.2 Vedlikehald og nyanlegg høgspentlinjer

- Det er bygd ny 22kV linje ved Stølsnestunnelen på Veitastrond. Lengde 0,085.

Nye høgspent jordkabelanlegg

- 520m 22kV høgspentkabel mellom Hafslø omsorgsenter og Luster vidaregåande skule på Hafaslø.
- 540m 22kV høgspentkabel mellom Drevdal transformator og ungdomshuset i Gaupne.
- 1100m 22kV høgspentkabel gjennom Stølsnestunnelen på Veitastrond.

2.3.3 1000V Anlegg

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

2.3.4 Lågspennett

263,14 km linjer og 81,27 km jordkablar.

2.3.5 Fordelingstransformatorar

231 stk. trafoar 21/0,24 kV
2 stk. trafoar 21/0,415 kV
2 stk. trafoar 5/0,23 kV
1 stk. trafoar 5/0,415 kV
4 stk. trafoar 1/0,23 kV

Samla transformatoryting er 37.138 kVA

2.4 Fjernstyring, sambandsutstyr

2.4.1 Fjernstyringsanlegg

1 stk. Nortroll sentral ved kontoret i Gaupne
1 stk. repeater med solcellelading på Molden
4 stk. fjernstyrte effektbrytarar
11 stk. fjernstyrte linjebrytarar

2 stk. effektbrytarar på Ormbergstøl er fjernstyrte frå drifts-sentralen til Statkraft Gaupne.

2.4.2 Sambandsutstyr

2 stk. NMT 450 mobiltelefonar
13 stk. GSM mobiltelefonar
13 stk. VHF radiostasjonar, 1 av desse er stasjonær, 7 er montert i bilar og 5 er berbare.

2.5 Andre eigedomar

2.5.1 Lager og administrasjonsbygg

Administrasjon og hovudlager er i leigd bygg i Gaupne. På Heggmyrane er det lagerbygg for drifta. På Røneidsgrandane er det plasthall for grovlager.

2.6 Transportutstyr

Energiverket har fylgjande transportmiddel:

1 stk. kombi lastebil 7,5T m/kran, 1992 modell
1 stk. lastebil 13T m/kran 1998 modell
5 stk. varebilar, 1989 - 2002 mod.
3 stk. snøscooter, 1986 - 1997 mod.

3. Drift

3.1 Drift av fordelingsnett

Det har vore 9 driftsforstyringar med utkopling for deler av høgspennettet, som varte i meir enn 2 timar.

I samband med planlagt arbeid, reparasjon og vedlikehald har det vore 29 utkoplingar for deler av høgspennettet, som varte i meir enn 20 minutt. 19 av desse, for berre ein nettstasjon om gongen.

På grunn av fuglar som jordsluttar, var det i juli og august ein del korte utkoplingar i høgspennettet forsynt frå Leirdøla. Dette vert utbetra for framtida ved å setje opp såkalla "jordsluttingsspole" i Leirdøla våren 2004.

4. Kjøp og sal av kraft

4.1 Maks effektuttak

Maks effektuttak i nettet sin høglasttime var 15,3 MW den 6. januar 2003, time 10.

4.2 Forbruk

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2003 var 69.288 MWh mot 74.868 MWh i 2002.

4.3 Sal av kraft 2003

Sal	Kraftsal kWh	Kraftsal Kr.	Nettleige kWh	Nettleige Kr.	Nto oms. Eks.avg. Kr.
3431kunder	62881906	18910255	64506478	16613222	35523477
Sum nettleige		64506478			
Sum tap		4781085			
Sum tot		69287563			

4.4 Overføring

For Statkraft overførde vi 578 MWh på vår 22 kV linje mellom Leirdøla og Jostedal Kraftverk.

4.5 Tariffar

Kundene fekk val mellom fast kraftpris, variabel kraftpris eller spotpris. Om lag 75 % valde eit av fastprisalternativa våre. Forbruksavgifta auka frå 9,3 øre/kWh til 9,5 øre/kWh.

5. Kundeforhold, tilsynsaktivitetar, måleaktivitetar, Enøk

5.1 Kundeforhold

Pr. 31.12.2003 var det tilknytt 3431 kundar.

5.2 Tilsynsaktivitet

I 2003 har det i alt vore kontrollert 189 bustader, gardsbruk og næringseigedommar.

Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre el.sikkerheita i LE sitt forsyningsområde.

Andre viktige område er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr, helseinstitusjonar og informasjon om elsikkerheit til lag og organisasjonar.

5.3 Måleaktivitet

Det vart til saman montert 98 nye målarar i løpet av året. Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar. Ved alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc i administrasjonsbygget. Det er og denne typen målesystem som vert nytta ved alle større anlegg.

Frå 2005 vert det krav om timesmåling hjå alle kundar med forbruk større enn 100 000 kWh.

Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte og nye rutinar for utveksling av meldingar og måledata.

5.4 Enøk

Enova SF vart etablert i 2001 for å vere med å styrke arbeidet med ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energi-produksjon i Noreg.

Enova er eit statsforetak som er eigd av olje- og energi-departementet. Enova tek initiativ til og fremjar meir effektiv energibruk, auka produksjon av ny fornybar energi og miljøvennleg bruk av naturgass.

Enova si verksemd vert finansiert gjennom eit energifond, der ein har to inntektskjelder – påslag på nett-tariffen og løyvingar over statsbudsjettet. Påslaget på nett-tariffen er på 0,3 øre/kWh.

Spørsmål om ENØK kan ein ta opp med Enova på telefon nummer 80049003.

6. Installasjon

6.1 Installasjon

6.1 Installasjon hadde ved årsskiftet 6 tilsette i 100% stilling , 1 i 80% stilling og 1 lærling. I tillegg vart til saman eitt årsverk frå kontoradministrasjonen nytta ved installasjon.

Det har vore jamn og god tilgang på arbeid. Vi har levert og montert fleire brannvarslingsanlegg, særleg til gardsbruk, dette i samband med kampanje frå forsikringselskap. Som tidlegare har vi installert nye bustadhus både for Sogn Byggservice, Nordbohus og Nes Bygg. I tillegg har vi ordinært vedlikehaldsarbeid i driftsbygningar, bustadhus og andre bygningar både for privatpersonar og for eks. Hydro, LMI, Luster kommune, Skjolden- Tørviss- og Eikum hotell m. fl. Vi har også utført mange el.sjekkar i landbruk og bustadhus. For Simas har vi montert varslingsanlegg.

Det vart innkjøpt bilar til montørane i 2002, og det har hatt ein positiv verknad på profileringa vår ute i marknaden. Vi blir lagt meir merke til. Ordninga med bilar fungerer godt.

Lys- og varmeutstyr er utstilt og kan kjøpast direkte frå lageret. Dei tilsette har delteke på ymse fagkurs.

6.2 Omsetning og resultat

Omsetninga ved installasjon var i 2003 kr. 4 888 812 (2002 kr 5.451.819). Resultatet etter at installasjon er belasta med husleige og fellesadministrasjon, viser eit overskot på kr. 61.000, (119.000) i 2002.



Opprydding, Stølsneset Foto: Hans A. Skagen

Driftsinntekter

	Note	2003	2002
Energisal sluttbrukar	13	18.910.255	13.740.208
Nettleige sluttbrukar		16.613.222	17.233.765
Sal andre varer og tenester		6.169.782	6.092.690
Andre driftsinntekter		1.076.007	713.850
Attendeført mindreakstning		-801.000	-404.000
Meir/Mindreavkastning		1.434.000	1.037.000
Sum driftsinntekter		43.402.266	38.413.513

Driftskostnader

Energikjøp	13	21.518.090	12.293.396
Overføring i overordna nett		1.529.529	2.132.019
Varekost andre selde varer og tenester		2.313.979	2.432.138
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	10.315.001	10.233.560
Ordinære avskrivningar	1	3.224.104	3.325.937
Andre driftkostnader	9	4.236.693	3.691.330
Tap på krav/auka avsetning for tap		61.315	23.535
Sum driftskostnader		43.198.711	34.131.915
Driftsresultat		203.555	4,281.598

Finansinntekter og kostnader

Renteinntekter		1.325.105	1.651.793
Aksjeutbytte frå andre		2.750.310	1.205.706
Rentekostnader		-17.534	-67.840
Netto finansinntekter		4.057.881	2.789.659
Resultat før skatt		4.261.436	7.071.257

Skattekostnad	11	649.753	2.002.948
Årsresultat		3.611.683	5.068.309

Disponering av årsoverskot

Avsett til utbytte		2.034.760	2.034.760
Avsett til annan eigenkapital		1.576.923	3.033.549
Sum disponert		3.611.683	5.068.309

Eigedeler

	Note	2003	2002
Anleggsmidler			
Linjer/teknisk utstyr	1	31.742.489	31.943.789
Inventar, utstyr og transportm.	1	3.163.218	3.145.218
Kartrettar og andre rettar	1	99.000	179.000
Aksjar	6	957.168	881.197
Aksjar i dotterselskap	6	11.005.500	11.005.500
Andel ANS Luster Kraftlag	7	3.257.119	3.059.049
Langsiktige fordringar	8	9.170.430	9.016.741
Sum anleggsmidler		59.394.924	59.230.494
Omløpsmidlar			
Varelager	5	1.522.214	1.469.214
Kundekrav	5	8.391.880	17.932.006
Andre kortsiktige krav		4.558.179	2.117.734
Bankinnskott, kontantar og liknande	12	7.462.053	7.443.575
Sum omløpsmidlar		21.934.326	28.962.528
Sum eigedeler		81.329.250	88.193.023

Gjeld og eigenkapital

Eigenkapital			
Aksjekapital 8.663 aksjar à kr 2500,-	4,13	21.657.500	21.657.500
Behaldning egne aksjar	4	-2.092.500	-2.092.500
Overkursfond	3	2.979.988	2.979.988
Annan eigenkapital	3	46.284.996	44.708.072
Netto eigenkapital		68.829.984	67.253.060
Langsiktig lånegjeld		82.089	164.195
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2.019.276	6.264.285
Betalbar skatt	11	649.753	1.940.260
Skuldig offentlege avgifter		2.686.109	3.285.430
Avsett til utbytte	8	2.034.760	2.034.760
Anna kortsiktig gjeld	8	5.027.279	7.251.032
Sum kortsiktig gjeld		12.417.177	20.775.767
Sum gjeld		12.499.266	20.939.962
Sum gjeld og eigenkapital		81.329.250	88.193.023




 Stein Næss
(Styreleiar)



 Per Hauge
(Nestleiar)



 Svein Halveg
(everksjef)



Arvid Skjerven



Herman Bremer



Kristen Ormberg



Jens K. Nes

1. Avskrivningsplan anleggsmidler (beløp i 1000 kr)

	Transp. midlar	Kontor-utstyr	EDB-utstyr	Telefon	Drifts-utstyr	Lager bygg tomtar	Målar	Kraftstasjon Damanlegg Linjer og Tekn.utstyr
Kostpris 01.01.03	3202	1471	3037	113	848	220	1242	32294
Tilgang i året	0	0	189		57		403	2311
Oppskrivning								23771
Samla ord. avskr. 31.12.	1912	1199	2931	113	644	2	501	26852
Bokført verdi 31.12.	1290	272	295	0	261	218	1144	31524
Årets ord. avskrivningar	289	28	244	0	36	1	114	2512
% satsar ord. avskriv.	20%	20%	20%	20%	20%		5%	2,5-20%

2. Tilsette, godtgjerdsle m.m.

Lønnskostnader inneheld fylgjande postar

	2003	2002
Lønningar	8.143.863	7.335.175
Refusjon av sjukeløn etc.	-714.353	-127.360
Folketrygdavgift	1.015.225	900.359
Pensjonskostnader	1.206.875	1.208.612
Andre lønnskostnader	663.391	916.774
Sum lønnskostnader	10.315.001	10.233.560

Gjennomsnittleg antal årsverk 29 30

Godtgjerdsle	Everksjef	Styret
Lønn	472.193	117.338
Kollektiv pensjonspremie	66.213	
Anna godtgjerdsle	36.438	

Årets netto pensjonskostnad	2003	2002
Utbetalt pensjon	151.613	85.267
Årets pensjonspremie	1.206.875	1.208.612
Netto pensjonskostnad	1.358.488	1.293.879

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

	2003	2002
Pensjonspremiefondet er balanseført med	40.125	39.097

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2003 utgjer kr 83.500,-. Tillegg for andre tenester kr 21.800,-.

3. Eigenkapital

	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkursfond	Anna eigenkap.	Sum
Eigenkapital 01.01.03	21.657.500	-2.092.500	2.979.988	44.708.072	67.253.060
Årsoverskot 2003				3.611.683	3.611.683
Forslag til utbytte				-2.034.760	-2.034.760
Eigenkapital 31.12.03	21.657.500	-2.092.500	2.979.988	46.284.996	68.829.984

4. Aksjonærtilhøve

Aksjekapitalen til selskapet er på kr 21.657.500,-.

Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4%
Luster Sparebank	5,3%
Luster almenning	2,3%
Gjensidige	2,1%

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpe inntil 10% av aksjekapitalen. Det er kjøpt 837 aksjar for kr 8 610.036,-, og ingen aksjar er avhenda.

Aksjar i eige av styre og everksjef

Stein Næss, styreleiar	36 aksjar
Per Hauge, nestleiar	10 aksjar
Jens K. Nes	2 aksjar
Hermann Bremer	7 aksjar
Kristen Ormberg	12 aksjar
Arvid Skjerven	20 aksjar
Svein Halveg, everksjef	9 aksjar

5. Vurderingsprinsipp omløpsmidlar

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi. Beholdning av salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

6. Aksjar

Antal aksjar	Selskap	Pålydane	Bokført verdi
610	Sognekraft AS	20000	122000
100	Fjellv. Årdal-Luster	100	0
17	Energiråd	1000	17000
10	Energiråd	1253	12531
1	NEFO	1000	1350
100 B	Sogn Skisenter	100	10000
1	REN AS	1000	1000
10	Sogn Golf	500	5000
80	Datapart AS	1000	475971
300000	Luster Invest AS	1	300000
51	Gjensidige	242	12316
Sum			957168

Aksjar i dotterselskap

11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11.005.500
----	-------------------	-----------	------------

SAGE KRAFTVERK AS

Luster Energiverk AS eig 11 aksjar i Sage Kraftverk AS. Dette utgjør 50% av aksjane i selskapet.

Investeringa er bokført med	kr	11.005.500
Negativt resultat	kr	367.138
Fordringar	kr	1.672.010
Eigenkapital	kr	21.658.795

7. Andel ANS Luster Kraftlag

L.E AS har 91,092% andel i ANS Luster Kraftlag.

Resultatrekneskap 31.12.03

	2003	2002
Andel leigeinntekter	818.616	883.287
Andel driftskostnader	-176.151	-108.741
Individuell avskrivning	-383.497	-379.464
Andel driftsresultat	285.968	395.082
Andel renteinntekter	3.747	13.502
Andel rentekostnader	-97.159	-171.131
Andel over/underskot	165.556	234.453
	165.556	237.453

Balanse pr. 31.12.03

Andel omløpsmidlar	476.432	230.547
Andel bygg 1)	4.124.646	4.460.732
Andel uteanlegg 1)	195.341	193.287
Andel eigendelar	4.796.719	4.884.566
Andel gjeld	1.539.600	1.825.516
Andel ANS Luster kr.	3.257.119	3.059.050

Notar til ANS Luster kraftlag

BYGG	2003	2002
Anskaffelseskost 01.01.	9.586.667	9.485.846
Anskaffelseskost 31.12.	9.586.667	9.485.846
Samla av-/nedskr.31.12	5.462.022	5.025.114
Bokført verdi 31.12	4.124.645	4.460.732
Årets ordinære avskr.	383.497	379.464
%sats ord. avskr.	4%	4%

UTEANLEGG

Anskaffelseskost 01.01	195.341	193.287
Anskaffelseskost 31.12	195.341	193.287
Samla av-/nedskr. 31.12	0	0
Bokført verdi 31.12	195.341	193.287
Årets ordinære avskr.	0	0

8. Spesifikasjon av andre fordringar/gjeld

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga, er det avsett ordinært utbytte for 2003 med kr 260,- pr. aksje, tilsaman kr 2.034.760.

Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	1.815.499
Skuldig forbruksavgift	1.681.028
Anna kortsiktig gjeld	3.370
Forskotsbetalte renter	515.600
Oppgjerskonto Enova	85.955
Balansekonto kraft	22.799

Langsiktige fordringar

Lån Sognekraft	6.450.000
Pengemarknadsfond	2.650.243
Eigenkapitaltilskot KLP	66.707
Andre langsiktige fordr.	3.480

9. Lager og administrasjonsbygg

Luster Energiverk AS leiger lokale hjå ANS Luster Kraftlag. Leigeavtalen gjeld i 15 år, rekna frå aug. 1989. Leiga i 2003 var kr 746.610.

10. Aktiverte egne investeringsarbeid

I denne posten er eige aktivert investeringsarbeid fråtrekt med kr 939.990.

11. Skattekostnad

Resultat før skattekostnad	4.261.436	
Permanente forskjellar:		
ANS Luster Kraftlag	337.952	
Utbytte	-2.584.754	
Renter på skatt	-3.650	
Endring i midlertidige forskjellar:		
Fordringar	-30.938	
Driftsmidlar	341.557	
Pensjonspremiefond	-1.028	
Årets skattegrunnlag	2.320.575	
Berekena betalbar skatt overskot	649.753	
Midlertidige forskjellar knytta til:		
31.12.03	31.12.02	
Negative forskjellar:		
Driftsmiddel	5.071.741	4.730.184
Positive forskjellar:		
Pensjonspremiefond	38.950	37.922
Fordringar	30.938	
Grunnlag utsett skatt	-5.001.853	-4.692.262
Utsett skattefordel	-1.400.519	-1.313.833

I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt, er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.

Skattekostnad i rekneskapen består av:

Forskjell ilikna og avsett skatt		-62.688
Endring utsett skatt	-	-
Berekena betalbar skatt	649.753	1.940.260
Skattekostnad	649.753	2.002.948

12. Sperra midlar

Av innståande midlar i kasse og bankinnskott er kr 330.000 sperra til betaling av skattetrekk.

13. Krafthandel

Luster Energiverk AS er ein sjølvstendig aktør i kraftmarknaden, og har som mål å skaffe kraft til sluttkundar i og utanfor vårt forsyningsområde til konkurransedyktige prisar. Me skal og drive krafthandel innanfor gjevne rammer, for på denne bakgrunn å skaffe selskapet tífredsstillande resultat. For å nå dette målet må bedrifta ta posisjonar i marknaden. Dette fører med seg risiko, og for å regulera denne risikoen skal me alltid

holda oss innanfor rammene i vår risikopolisy for krafthandel. *Kraftsals og kjøpskontraktar som har levering i same periode vert samanstillt etter porteføljepriinsippet. Resultat av sikringshandel vert presentert på same regnskapslinje som resultatet av den posisjonen som er sikra. Selskapet har nokre få kjøps og salskontraktar som ikkje er anskaffa i sikringsføremål. Denne portefølgja vert bokført til verkeleg verdi.*

14. Inngangsverdi/Risk-beløp

Inngangsverdi 01.01.1992	kr 1.130,00	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1993	kr 0,43	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1994	kr -11,06	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1995	kr 20,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1996	kr 66,19	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1997	kr 61,78	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1998	kr 382,50	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1999	kr 1412,27	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2000	kr 285,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2001	kr 445,45	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2002	kr 443,36	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2003	kr 452,81	pr. aksje

Kontanstramanalyse 2003 2002

Kontantstraumar frå drift		
Ordinært resultat før skatt	4.261	7.071
Betalt skatt i perioden	-650	-2.003
Ordinære avskrivningar	3.224	3.326
Tap/vinst sal anleggsmidlar		-46
Endring i varelager	-53	-98
Endring i kundar	9.540	-845
Endring i leverandørgjeld	-4.245	1.319
Endring i andre omløpsmid. og andre gjeldspostar	-6.554	-795
Netto kontantstraum frå drift	5.523	7.928

Kontantstraum frå investeringar

Investert i aksjar	-76	-25
Investert i ANS Luster Kraftlag	-198	-292
Investert i langsiktig fordring	-154	-151
Innbetaling sal driftsmidlar		46
Utbet. kjøp varige driftsmiddel	-2.960	-4.401
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-3.388	-4.823

Kontantstraum frå finansaktivitetar

Netto endring i langsiktig gjeld	-82	-82
Utbytte	-2.034	-3.521
Netto kontantstraum frå finansaktivitetar	-2.116	-3.603
Netto endring i bankinnskott, kontantar og liknande	19	-499
Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande 01.01.	7.443	7.942
Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande	7.462	7.443

Verdirekneskap	2003
Driftsinntekter	43.402.266
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	29.659.606
= Verdiskaping i eiga verksemd br.	13.742.660
- Kapitalslit (ord. avskr.)	3.224.104
= Verdiskaping i eiga verksemd net.	10.518.556
+ gevinst ved sal av driftsmidlar	
+ finansinntekter	4.075.415
<hr/>	
= Verdiar til fordeling i alt	14.593.971
Som er fordelt slik	
Tilsette	10.315.001
Kapitalinnskytarar	
Renter til kredittytarar	17.534
Utbytte til aksjonærar	2.034.760
Stat, kommune	
Skattar og avgifter	649.753
Verksemda	
Halde attende for sikring og ny verdiskaping	1.576.932
<hr/>	
Verdiar fordelt i alt	14.593.971

Nøkkeltal	2003	2002
Omsetning		
Driftsinntekter	43.402.266	38.367.513
Resultat		
Driftsresultat	203.555	4.235.598
Netto driftsmargin	0,5%	11%
Resultat før ekstraord.	4.261.436	7.025.257
Rentabilitet		
Totalrentabilitet	5,0%	8,2%
Eigenkapitalrentabilitet	6,3%	10,7%
Investeringar		
Årets investeringar	2.960.806	4.401.031
Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Eigenkapitalandel	84,6%	76,3%
Likviditetsgrad 1	1,8	1,4
Rentedekningsgrad	244,0	104,6
Personale		
Talet på fast tilsette	25	25
Lærlingar	3	4
Aksjar		
Talet på aksjar	8.663	8.663
Aksjekapital	21.657.500	21.657.500
Forteneste pr. aksje	416,91	585,05



Statnett, Fortun Foto: Hans A. Skagen



Leirdalen

Deloitte

Deloitte
Statsautoriserte Revisorer AS
Fjørevegen 19
Postboks 206
6852 Sogndal
Telefon: 57 67 65 70
Telefax: 57 67 65 71
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i

LUSTER ENERGIVERK AS

REVISJONSMELDING FOR 2003


Vi har revidert årsrekneskapen for LUSTER ENERGIVERK AS for rekneskapsåret 2003 som syner eit årsoverskot på kr 3.611.683,- for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal 5. mars 2004
Deloitte




Knud Midtun
statsautorisert revisor

Audit • Tax & Legal • Consulting • Corporate Finance •

A member firm of
Deloitte Touche Tohmatsu

Medlemmer av Den norske Revisorforening
Org.nr.: 980 211 282



Frank monterer røyranlegg i bustadhus.



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

Gaupnegrandane
6868 Gaupne
Telefon 57 68 29 00

www.lusterenergiverk.no